

## **BAKKANE**

Høgdemeter over havet: 437 m

Lengde: ca 1,8 km

Tid: 1-1,5 time i moderat tempo

Gradering: middels tur

**Vegskildring:** Kjør fylkesveg 7 frå Granvin (retning Kvanndal), i 5 km til Haukanes. Parker ved ny tilkomstveg. Gå om lag 100 m mot løa og gardstun, sving rundt løa (under låvebrua) og kom på oppsida. Gå oppover, innover (retning Granvin) til grind. Følg raud merking og skilt mot Hedler. Stien går gjennom utmark og over skredløype. Brattaste parti er Nodlabrekko. Lenger oppe passerar du Furstibekken og Kvednabekken, som har stor vassføring under snøsmelting Du passerer ei grind ved Svedna. Her kjem stølsvegen frå Stavanes opp. Ved nokre store steinar lenger oppe i stien ser du skiltet halvvegs som er halvvegs til nedste stølen Bakkane. Stien går oppover og innover før han svingar utover (retning ut fjorden). Du går gjennom granskog og kjem til eit nytt kryss med skilt der stien deler seg att. Dette er vegskiljet til Skår. Du går mot venstre og kryssar Kvednabekken nok ein gong. Stien går inn i endå meir granskog, og no er det ganske flatt til du kjem til «Gamlatræet» eit gjerde laga av stein som ein steingard på venstre side heilt til du har kraftlinene over deg. Då er det berre siste motbakken att før du er på Bakkane. Her er berre murane att. Det er fin utsikt mot Vassfjøra i aust.

**Turalternativ 1:** Gå vidare etter merka sti oppover gjennom ein gammal granskog. Du held fram bratt oppover og utover mot fjorden, og svingar til høgre mot Hedlershaugane, med hellerar på høgre sida. Om ca. 45 min er du oppe på Hedler. Pust ut og nyt utsikta!

**Turalternativ 2:** Gå frå Stavanes mot Skår (Eideskår), og herifrå vidare på merka sti til Bakkane og evt. vidare til Hedler.

Turskildringar ligg på heimesida til Granvin turlag: [www.granvin-turlag.no](http://www.granvin-turlag.no)

**GOD TUR!**